

FORELDRERÅDETS ARBEIDSUTVAL (FAU)

Referat fra møte 18.10.2023

Til stades:

Ane Rong 6A

Hege Algrøy 3A

Kjell-Are Torkildsen 6B

Pavlina Kvamme 2A og 4A

Jeanett K. Hauge 7A

Georgiana Andreea Senneseth SFO

Bjørn Tore Wilhelmsen 3B

Linn Stokke 5B

Hilde Kristin Egeland 4B

Sak 1) Gjennomgang av spørsmål frå førre møte

Rektor har svart ut spørsmåla frå førre møte skriftleg. Ane gjekk gjennom alle svara i plenum og FAU tok svara til orientering.

Desse punkta ønskjer FAU å sende tilbake til rektor:

Kreative aktivitetar i SFO

Det er ønskjeleg med meir fokus på kreative aktivitetar. Kan ein kjøpe inn kreative utstyrskassar? FAU kan kanskje bidra viss det står på økonomi? Ein kan også sende ut informasjon om kva som trengs av utstyr, så kan foreldre donere t.d. garn, knappar osv.

Leksehjelp

Det er utfordrande for mange å få levert barna til leksehjelp om morgonen. Kor mange nyttar seg av tilbodet i dag?

Leksefri skule

Dette vil det vere vanskeleg å få til brei einigheit om. *Leksebevisst skule* er eit omgrep som nyttast om skular som har særleg fokus på refleksjon rundt eigen leksepraksis, god grunngjeving for dei leksene som blir gitt eller ikkje gitt, og som sørgjer for at leksene er tilpassa elevane.

Kan det vere aktuelt for å kalle seg leksebevisst skule? Kva tankar har skuleleiinga om korleis dette er i dag?

Høge radonverdiar på skulen

Er det forsvarleg å bruke kantina fram til nye målingar skal gjerast i vinter?

Sak 2) Bytedag

Det blir snart bytedag på skulen. Det vil fungere slik at ein kan levere inn vinterkle og utstyr dagen før, så får ein «billetter» som ein kan «handle» for på sjølve bytedagen.

Informasjon om om bytedagen delast på klassesidene.

Det vil vere behov for frivillige som kan hjelpe til under arrangementet.

Sak 3) Mobilhotell

Det er ei utfordringa at reglar for mobil på skulen ikkje blir haldne, det kan vere bilete, film, lydfiler etc. Mange skular har mobilhotell. Kan det vere noko for Ågotnes skule?

Sak 4)

Kjøkkenutstyr ved lån/leige av skulen sine lokale

Det er lite utstyr både til det lille kjøkkenet oppe ved gymsalen, og i kantina. Kan FAU kjøpe inn noko meir utstyr?

Det etterlysast også betre informasjon om vaskerutiner ved utlån av gymsal/kantine.

Sak 5)

Refleksdag

Det hadde vore fint med ein refleksdag eller reflekskampanje no i haust.

Sak 6)

Nokre foreldre reagerte på at dei fekk vere lite i klasserommet ved skulestart for første klasse. Det gjaldt både besøksdagen i forkant og første skuledag. Kan ein gjere det slik at foreldre får meir tid til å trygge barna i klasserommet?